



Saksbehandlar: Adrian Husabø Bjørseth og Ingebjørg Erikstad, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 18/2700-1

Oppstart - arbeid med budsjett 2019 / Økonomiplan 2019-2022 - næring og kultur

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Rekneskapsresultatet for 2017 gir ikkje grunnlag for rammejustering, og vedtekne innsparingskrav er innarbeidd i sektorramma til næring og kultur.
2. Hovudutalet vil peike på at det særleg innan kultursektoren er behov for endra kapasitet og kompetanse i samband med overføring av oppgåver frå staten. Dette behovet bør greia ut i samband med budsjettarbeidet hausten 2018.
3. Hovudutvalet vil vurdere behov for ev mindre omprioriteringar innan sektorramma i samband med framlegging av budsjettsak til hovudutvalet i september 2018.
4. Hovudutvalet ber om at det vert gjort ei enkel kartlegginga av utbyggingsplaner som det vert arbeidd med ved Musea i Sogn og Fjordane og andre regionale kulturinstitusjonar, og kva forventningar som ev måtte ligge til fylkeskommunen om fagleg/politisk/økonomisk medverknad dei nærmeste åra. Kartlegginga vert lagt fram hausten 2018 i samband med budsjettsaka.

SAKSFRAMSTILLING

1. Innleiing

Arbeidet med Budsjett 2019/Økonomiplan 2019-2022 er starta opp. Arbeidet på vårparten 2018 er konsentrert om økonomiplandelen av budsjettet, og hovudutvala er gjennom denne saka bedne om å kome med innspel til økonomiplanen.

Alle innsparingskrav på sektoren er tekne tidlegare og er stort sett gjennomført i tråd med planane. Innan næringssektoren ligg det ikkje føre aktuelle investeringstiltak, medan det på kultur er omtalt nokre aktuelle saker.

2. Budsjettprosessen i 2018

Arbeidet med Budsjett 2019/Økonomiplan 2019-2022 ver prega av at dette er det siste budsjettet som vert utarbeidd for Sogn og Fjordane som eigen fylkeskommune. Årets arbeid vil difor fokusere i større grad på budsjettet for og økonomiplanen for 2019 og mindre på dei andre åra i økonomiplanen.

Tidsrom	Arbeidsoppgåver	Politisk nivå	Adm. Nivå
Mars 2018	Møte i finansutvalet. Oppstart av ny budsjettprosess.	FINU	
Mars - april	Innspel frå hovudutvala som sektorspesialistar.	HU	
Mai 2018	Møte i finansutvalet.	FINU	
15 mai	Framlegging av kommuneopposisjonen 2018	KMD	FRM
Mai 2018	Utsending av fylkesrådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2019-22		FRM
Mai 2018	Hovudutvala si handsaming	HU	
Mai 2018	Fylkesutvalet si handsaming	FU	
Juni 2018	Fylkestinget si slutthandsaming	FT	

3. Bestilling frå finansutvalet til hovudutvala

Den innarbeidde arbeidsdelinga mellom finansutvalet og hovudutvala tilseier at hovudutvala - som sektorspesialistar - får høve til å gjere prioriteringar på eigen sektor. Finansutvalet har ansvar for å gjere vurderinger knytt til den samla fylkeskommunale økonomien og har ansvar for å prioritere mellom sektorane. Finansutvalet vil at hovudutvala konsentrerer seg om økonomiplanåret 2019, og at følgjande tema vert drøfta:

- Gjev rekneskapsresultatet for 2017 grunnlag for rammejustering på enkelte område?
- Løysar vi ufordelte innsparingskrav som ev. er innarbeidd i sektorrammene?
- Sikrar framlegget god gjennomføring og «rett» effekt av alt vedtekne innsparingstiltak?
- Er ev. omprioriteringar innafor sektorramma synleggjort på oppgåve-/tiltaksnivå?

I tillegg bør hovudutvala få høve til å synleggjere naudsynete tiltak som ikkje let seg finansiere innafor sektorramma.

4. Innsparingstiltak

Sektoren har gjennomført og tilpassa seg vedtekne innsparingskrav.

5. Større prosjekt

Fylkeskommunen sin del av forventa løying til prosjektet «Kløften» ligg inne i investeringsprogrammet. Forprosjekt er gjennomført, og vi ventar på signal om statleg løying.

Formidlingssenter på Tusenårsstaden Gulatinget er teke inn att i investeringsprogrammet. Det er utforma forslag til intensjonsavtale mellom fylkeskommunen og Gulen kommune. Denne er tenkt ligge i botnen for vidare arbeid med forprosjekt/statleg søknad/realisering.

Gjennom dialogmøter og elles løpende kontakt med kulturinstitusjonane er fylkesdirektøren kjend med at det er behov for ulike bygningsmessige tiltak. Det kan m.a. vere innan Musea i Sogn og Fjordane sitt område, det kan vere utfordringar knytt til Fylkesarkivet sine tenester overfor kommunane (kommunearkivordninga), og Sogn og Fjordane Teater sine framtidens behov. Behova er på ulike nivå i høve konkretisering, og det er ikkje gitt at alle kjem til realisering. Fylkesdirektøren meiner likevel det ville vere rett å få gjort ei enkel kartlegging av kva utfordringar/behov/planer det vert arbeidd med innan desse felta, og gjennom dette også få avklart i kva grad det ligg føre forventningar til fylkeskommunen om fagleg, administrativ, politisk og/eller økonomisk medverknad. Ei slik enkel kartlegging kan gjennomførast i løpet av våren/sommaren, og leggast fram for hovudutvalet i samband med budsjettsaka i september 2018.

På næringssektoren ligg det ikkje føre aktuelle investeringstiltak no.

6. Driftsbudsjett og fylkessamanslåing

Etter vedtekne og gjennomførte innsparinger er driftsrammene stramme, og gir lite rom for nye, større satsinger. Dette gjeld både på næringsfeltet og på kulturområdet. Vi ser at dette kan verte ei reell utfordring i høve samanslåinga med Hordaland som har relativt romslege tilskotsordninger på mange felt der Sogn og Fjordane har mått redusere og/eller avvikle tilskotsordningar.

7. Nye oppgåver

Fylkesdirektøren viser til Ekspertutvalet sine forslag om nye oppgåver til dei nye fylkeskommunane. Særleg på kulturområdet, inkludert kulturminnevern, er det foreslått mange nye oppgåver til fylkeskommunane. Dette vil utfordre oss på kapasitet og kompetanse. Sjølv om ingenting er vedteke enno, veit vi at det i alle høve på kulturminnefeltet kjem nye oppgåver til fylkeskommunane. Dette er også utfordringar som vil komme fram og bli drøfta i samband med utgreiingsarbeidet knytt til samanslåinga med Hordaland.

Innanfor næringssektoren er det framleis for tidleg å seie kva oppgåver ein vil få og ein vil kome tilbake til vurderingar kring kapasitet når det kjem noko meir handfast rundt oppgåvfordelinga.

8. Konklusjon

Rekneskapsresultatet for 2017 gir ikkje grunnlag for rammejustering, og vedtekne innsparingskrav er innarbeidd i sektorramma til næring og kultur.

Hovudutalet vil peike på at det særleg innan kultursektoren er behov for endra kapasitet og kompetanse i samband med overføring av oppgåver frå staten. Dette behovet bør greiast ut i samband med budsjettarbeidet hausten 2018.

Hovudutvalet vil vurdere behov for ev mindre omprioriteringar innan sektorramma i samband med framlegging av budsjettsak til hovudutvalet i september 2018.

Hovudutvalet ber om at det vert gjort ei enkel kartlegginga av utbyggingsplaner det vert arbeidd med ved Musea i Sogn og Fjordane og andre regionale kulturinstitusjonar, og kva forventningar som ev måtte ligge til fylkeskommunen om fagleg/politisk/økonomisk medverknad dei nærmaste åra. Kartlegginga vert lagt fram hausten 2018 i samband med budsjettsaka.